



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Tunheim
Møtedato:	Onsdag 21.08.2019
Tid:	18-21
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Erling Sølvik, Kari Espelid, Arne H Hansen Forfall: Asle Zimmermann, Greta Karin Wibe Svendsen, Dag Johnsen
SAKLISTE NR:	7/2019

Innkallinga godkjent og møtet sett med ei sak under SAK 57/2019 Eventuelt.

SAK 51/2019

SAMTALE MED KYRKJETENAR/KYRKJEGARDSARBEIDAR UNNI KARIN LINDHJEM

Unni fekk som kvart år ros for solid arbeid både ute og inne! Men heller ikkje ho kunne forklare kva som hadde skjedd med oppvarminga i kyrkja den sundagen ho hadde fri og temperaturen steig så høgt at det vart ubehageleg for menigheten. Temperaturen før gudstenester og andre kyrkjelege handlingar skal vera på 19 grader C. Dette er lagt inn i ei timedagbok i dataprogrammet Kardinal. Styresystemet for omnane les Kardinal og skal innrette varmen etter det. Det norske firmaet som leverte systemet er kjøpt opp av eit svensk firma. Kyrkjetenar *kan* imidlertid styre temperaturen manuelt også (tavle under trappa). Unni har laga ein perm (blå) med rutiner og bilete som forklarar arbeidet for kyrkjetenarvikarane. Den står i sakristiet og kan vera nyttig å kjenne til for menighetsrådet også.

Det er klare reglar om ansvarsforhold og kva som skal gjerast ved akutte hendingar som til dømes brann i kyrkja (HMS). Også klokkarar og kyrkjevertar burde få ein ny gjennomgang av desse.

Unni skal undersøke om det går an å få til trådløs overføring mellom pc og projektor på galleriet.

Ho ynskjer også at dei tilsette får ein personleg invitasjon t.d. i form av e-post til samtalene i menighetsrådet og ikkje bare må lesa det på innkallinga.

SAK 52/2019

GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 19.06.2019, saksliste 6/2019

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Olin Ambjørnsen og Erling Sølvik.

SAK 53/2019**KYRKJEVALET 8. OG 9. SEPT. 2019. Jamfør sak 46/2019**

- Opplæring/kurs 3. sept. Kl 18-21 i Berg arbeidskyrkje. Påmeldingsfrist. Sjå vidaresende e-postar frå kyrkjekontoret. Kjell Nilsen sender ei felles påmelding.

- **Oppnemning av valstyre.**

Vedtak: AU sine medlemmer: Kjell Nilsen, Erling Sølvi og Kari Espelid, med Kjell Nilsen som leiar.

- Bemanning på Sky skule:

Sundag 8.9. kl 14-18: Kjell Nilsen, Elisabet Romøren, Dag Johnsen.

Måndag 9.9. kl 09-13: Erling Sølvi, Kari Espelid, Elisabet Romøren

Kl 13-17: Erling Sølvi, Kari Espelid, Olin Ambjørnsen.

Kl 17-21: Ragni Haga, Kjell Nilsen, Dag Johnsen.

Alle må møte i god tid då vallokalet skal vera klart for publikum kl 14 sundag og kl 09 måndag. Kjell ordnar det praktiske med urner og stemmesedlar.

SAK 54/2019

FACEBOOK-SIDA TANUM KYRKJE I BRUNLANES, sjå vidaresendt e-post frå Ragni Haga.

Samtale/drøfting rundt spørsmåla Ragni stiller.

Vedtak: Saka blir teken opp under samtala med den nye kateketen, Bente Engen Andersen på møtet 18. september.

SAK 55/2019

TANUM MENIGHETS BRUK AV TUNHEIM

Drøfting/orientering.

SAK 56/2019

MELDINGAR

- Info om bønalista til bispedømerådsvalet.
- Presentasjon av den nye kateketen Bente Engen Andersen på presentasjonsgudstenesta for dei nye konfirmantane i Tanum kyrkje sundag 1. sept. 2019.08.14. Nestleiar ynskjer henne velkomen.
- Referat frå møtet mellom kateket Bente Engen Andersen og Tanum KFUK/M v/ Kari Kobro og Kristine Tanum om barnarbeidet på Tunheim. Sjå vidaresendt e-post.

SAK 57/2019

EVENTUELT

Vi drøfta kyrkjekaffelista.